

Referat

STYREMØTE NR. 3 i ØIL – 03.06.2013

Møte		Referat	
Dato	03.06.2013 kl. 19:00	Deltakarar	Vidar Torsvik / leiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik / skrivar Sonja Fagerheim/ styrelem Toril Honningsvåg Vik / styrelem Leiv Sandven / trimgruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Kjerstin Valland / nestleiar Mariann Lilledal Valland / styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Karsten Samland / fotballgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering
Neste møte	Måndag 01.07.2013 kl. 19:00		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
3.1	Saker		
.1	<p><u>Hardanger talentutvikling AS (HT) – avvikling eller vidare drift</u></p> <p>Generalforsamling i Hardanger Talentutvikling AS (HT AS) vart halde:</p> <p style="padding-left: 40px;">Tid: Måndag 03.06.2013 kl. 18:00 Stad: i Holmatun i Øystese</p> <p>Med bakgrunn i økonomiske utfordringar i Hardanger talentutvikling AS, vart ei prosjektgruppe med medlemene Sonja Fagerheim, Tormod Laupsa, Terje Melstveit og Hallgeir Botnen oppnemnd av Øystese idrettslag i styremøte 06.05.2013. Oppdraget var å finne ut om det var potensiale for vidare drift eller om føretaket burde avviklast.</p> <p>På generalforsamlinga presenterte Hallgeir Botnen ein serdeles grundig rapport "Rapport etter gjennomgang av Hardanger Talentutvikling". Frå starten av 2013 og utover har gapet mellom inntekts- og utgiftssida auka, mest grunna at det då vart tilsett ein person nr. 2 i 100 % stilling. Den økonomiske stoda i selskapet pr. 03.06.2013 er derfor svært krevande.</p> <p>Konklusjonen i rapporten er at ei rekkje tiltak må gjennomførast om vidare drift skal vere realistisk, m.a.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eigarane må tilføre ny kapital til selskapet i storleik kr 200 000. • Inntektssida må styrkjast ved at eksterne aktørar betalar for mottekne tenester. • ØIL må bidra med dekking av kostnader for lokale til drift av SFO. • Ein må få tak i dagleg leiar i 100 % stilling som er pedagog og har naudsynt trenarkompetanse. 	Info	ØIL-styret

	<ul style="list-style-type: none"> • Andre tilsette må gå på timebasis slik at bemanning kan skje etter behov i forhold til tal ungar. • Telenor Xtra må opp i over 10 ungar pr dag for å halde ope. <p>Etter diskusjon om den vidare skjebne til HT vart det gjort vedtak om å gjennomføre styrt avvikling av føretaket inkl. idretts- og fotballSFO-tilboda.</p> <p>Følgjande avgjerd vart gjort av generalforsamlinga (sitat): Grunna store utfordringar med finansiering av vidare drift av HT AS, med å skaffe ny kvalifisert dagleg leiar og med å få etablert nytt styre, vedtek generalforsamlinga å avvikle Hardanger Talentutvikling AS.</p> <p>Idrettsskule-/fotball SFO-tilboda har vore svært gode, som gav dei ungane som deltok eit unikt tilbod til leik, aktivitet og motorisk utvikling. Om lag 50 born har vore knytt til ordninga. Det er derfor svært trist at tilbodet no må avviklast etter 2 år med kjekk aktivitet.</p> <p>OPPSUMMERT</p> <ul style="list-style-type: none"> • Idrettsskule-/SFO-delen skal haldast i drift fram til skuleslutt for skuleåret 2012/2013. • Hardanger Talentutvikling som driv SFO-tilboda i Holmatun, vert så avvikla. • Vidar Torsvik er av generalforsamlinga i HT valt som leiar for avviklingsstyret. • Foreldre/føresette vil få tilsendt eit informasjonsskriv om avvikling av idrettsskule-/fotballSFO – tilbodet. 		
.2	<p>Holmatun – <u>Tilbakelevering av driftsansvaret til Foreininga Holmatun</u></p>		
	<p>ØIL overtok drifta av Holmatun f.o.m. 01.01.2013.</p>		
	<p>Tilbakeføring av ansvaret for drifta av Holmatun til ”Foreininga Holmatun” skal skje med overtaking 01.06.2013.</p>	1/6-13	ØIL-fotball v/ Roger Vassnes
			Foreininga Holmatun v/ Gjermund Stuve
.3	<p><u>Politiattestar - status</u></p>		
	<ul style="list-style-type: none"> - Roger Vassnes sørgjer for at oppmenn samlar inn politiattestar frå «sine» trenarar. - Attestar skal leverast Rune Vik som signerer for ØIL, og vidaresender attestane til politiet. 	info	Roger Vassnes
			Rune Vik
.4	<p><u>Ekstraordinært årsmøte i Kvam idrettsråd 29. mai 2013</u></p>		
	<p>Toril Honningsvåg Vik representerte ØIL på møtet. Lite skjedde, men liste over nytt idrettsråd styre vart utlevert.</p>		
	<p>Leiar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Per Dysterud (1 år) 		
	<p>Styremedlemer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Einar Opsanger (1 år) • Lillian Digernes (1 år) • Tore Hoff (1 år) 	info	

<p>.5</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Johannes Børsheim (2år) • Odd Kåreid (2 år) <p>Revisor:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Leidolv Berge <p>Valnemd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • John Einar Thorbjørnsen • Bjørn Øyri • Randi Brekke <p><u>Myrabakken – foreløpig plan</u></p> <p>Hoppbakkeanlegget krev vedlikehald:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rydding av buskar med ryddesag. - Sikring av bygningar m.m. <p>Oversikt:</p> <p>Arne Lunestad har utarbeidd notat datert 2.juni 2013 «Sikring / vedlikehald av hoppanlegg Myrane». Notatet skil mellom sikring og vedlikehald og inneheld kun estimat av materialkostnader. Notatet deler hoppanlegget i følgjande deler:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Brakke - Nedre dommartårn - Øvre dommartårn - Liten bakke - Mellom bakke - Stor bakke <p>Materialkostnadar knytt til sikringsarbeid er stipulert til 13 000. Materialkostnadar knytt til vedlikehald utgjer ein stor sum.</p> <p>Miniplan 1:</p> <p>A) Synfaring torsdag 13/6 kl. 19:30 i Myrabakken</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ta med litt utstyr (målbånd, ryddesaks, m.v....) <p>B) Skilt med t.d. «FARE – TILGANG FORBUDT»</p> <ul style="list-style-type: none"> - Åshild må få laga 3 skilt m/ ØIL-logo. - Kva tekst som skal stå på skilta må diskuterast. - Skilta må tåle «Vestlandsvær». <p>C) Flytting av sikringsskåp frå brakke til stolpe</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trude sjekkar om det er mogeleg å få ein god «deal» med kraftverket. <p>I neste omgang må det etablerast ei ansvarsgruppe for dugnad, med til dømes Torkjel Hovland, Terje Bekkesletten, Vidar Mo...</p>	<p>info</p> <p>13/6 19:30</p> <p>info</p>	<p>styret</p> <p>styret</p> <p>Åshild</p> <p>Trude</p> <p>styret</p>
<p>.6</p>	<p><u>Støtteerklæring til Hardanger Bade og Velværesenter (HBV)</u></p> <p>ØIL v/ leiar har skrive støtteerklæring til HBV datert 29.05.2013 og sendt denne.</p> <p>Støtteerklæringa lydte (utklypp frå brev/pdf-dokument):</p> <p><u>Støtteerklæring frå Øystese Idrettslag (ØIL) ang. etablering av Hardanger Bade og Velværesenter (HBV)</u></p> <p>ØIL har har over 600 medlemmer og har vore eit aktivt idrettslag sidan starten i 1908. Me ser med stor interesse fram til ei realisering av HBV. ØIL meiner at etablering av eit godt bassengtilbod i vårt nærrområde er eit stort steg framover når det gjeld å kunna tilby eit nærast komplett mosjons- og idrettstilbod i kommunen vår. I Kvam har me eit allsidig tilbod innan mest alle greiner av idrett; fotball, handball, ski, friidrett, skyttarlag, klatring, karate og meir til. Ved å tilby eit godt bassengtilbod vil ein kunna få enda fleire av innbyggjarane ut i fysisk aktivitet.</p>	<p>info</p>	<p>styret</p>

<p>.7</p>	<p>Forutan den klare positive helseeffekten dette vil ha, ser me og eit potensiale i å utvida idrettslaget sine aktivitetar innan t.d greiner som konkurransesymjing, stup og vannpolo. Dette krev at basseng- og stupefasilitetane held dei naudsynnte mål og krav for konkurranseidrett.</p> <p>God helsepolitikk er å gje innbyggjarane eit allsidig idrettstilbod som er lett tilgjengeleg for alle. ØIL støttar etablering av HVB og vil arbeide for at medlemene våre skal nytta anlegget aktivt. Me vil etter økonomisk evne bidra på eigarsida og vera ein aktiv støttespelar innan drift.</p> <p><u>Innspel til barnehageplan</u></p> <p>Innspel datert 09.05.2013 er sendt Kvam herad. Kom endå til i HF.</p> <p>Uttalen lydde (sitat):</p> <p><u>Innspel til Barnehageplanen i Kvam herad – barnehage i Øystese.</u></p> <p><i>I Hordaland Folkeblad (HF) kan me sjå at Kvam herad har fått tilbod frå Øystese Røde Kors (ØRK) om å kjøpa Rødekorshuset i Øystese. Øystese idrettslag (ØIL) har tidlegare kome med innspel til barnehageplanen med plassering i Busdalen.</i></p> <p><i>I desse økonomiske innsparingstider og i diskusjonen om kvar barnehagen i Øystese skal vera, har ØIL fylgjande innspel. Området ved Rødekorshuset og Sjydnahaugen er etter ØIL sitt syn eit meir eigna område for ein "ny" barnehage enn Busdalen.</i></p> <p>Argumenta for dette er;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Området er sentrumsnært. • Det er ikkje gjennomgangstrafikk. • Det er eit lett tilgjengeleg område. • Det er gangavstand for små til idrettsplass og hall. • Det trengst ikkje nybygg og ein får tid til god drøfting og planlegging for ev. nybygg. • Her er kort gåavstand og på fortaug til sjø/fjører/skog. • Området mot Ungdomsskulen er lite trafikkert og kan nyttast av dei minste. <p><i>Me vonar at Kvam heradet tek seg tid, til ein skikkeleg gjennomgang av pluss og minus sider ved å overta Rødekorshuset med område for "ny" barnehageplassering i Øystese.</i></p> <p>Med helsing for dei minste. Øystese Idrettslag v/Styret.</p> <p>Vidar Torsvik – leiar.</p>	<p>info</p>	<p>styret</p>
<p>.8</p>	<p><u>Nye vedtekter i Øystese idrettslag</u></p> <p>Rune Vik purrar Hordaland idrettskrets v/ Heidi Hatlem.</p>		<p>Rune V.</p>
<p>3.2</p>	<p>Fotballgruppa</p> <p>Ingen ting nytt å melde sidan styreleiar i fotballgruppa ikkje deltok på styremøtet.</p>		
<p>3.3</p>	<p>Friidrett/trimgruppa</p>		
<p>3.4</p>	<p>HC-gruppa</p>		
<p>3.5</p>	<p>Symjegruppa</p>		
<p>3.6</p>	<p>Hoppgruppa</p>		

3.7	Orientering		
3.8	Økonomi		
3.9	Eventuelt		
.1	<u>Øystesetrimmen og open hall</u> Me må finne dato slik at hall kan bestillast hjå kommunen. Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging		styret
2.9.	<u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u> Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		styret
4.4	<u>Torefjellstrimmen – i ny drakt ?</u> Det vert ikkje Torfjells”trim”arrangement i ØIL-regi i haust. Må sjå på evt. nytt konsept og nye samarbeidspartnarar. Kvam turlag kanskje ? Uansett må eit arrangement avstemmast i forhold til tidspunkt for andre lokale arrangement.		styret/ Rune V.

Rune Vik/ skriver